Open anbudskonkurranse etter FOA del I og III

# KONKURRANSEGRUNNLAG

## Del I Konkurransebeskrivelse

for anskaffelse av

VA – Selhaugvegen – Havikbotnen

Saksnr: 26/7769

**Oppdragsgivar:**
**Kinn Kommune**

Kinn kommune

# 1 GENERELL BESKRIVELSE

## 1.1 Oppdragsgiver

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Kinn kommune. Kinn kommune er ein kystkommune, sentralt plassert mellom Bergen og Ålesund. Kommunen med sine ca 17.400 innbyggjarar er den 8. største kommunen i Vestland fylke. Kommunen vart samanslått 1.1.2020 av tidlegare Flora kommune og Vågsøy kommune.

## 1.2 Anskaffelsens formål og omfang

Kinn kommune vil med denne anskaffinga inngå avtale med ein leverandør. Kinn kommune, skal sanere og etablere nytt vann-, spillvanns- og overvannsnett og gatelys i Botnavegen og Jacob Sandevegen. Samt etablering av 2 stk. pumpestasjoner for avløp i Havikbotnen og der nåverende avløp frå Botnaholten krysser Botnavegen. I tillegg skal vegene gjenopprettes og det skal asfalteres.

For komplett skildring av oppdraget, sjå kontraktsgrunnlag (Del II) med vedlegg.

## 1.3 Kontraktsbestemmingar

Avtaleforholdet regulerast av NS 8405, med tillegg av spesielle kontraktsbestemmingar. Disse framkjem av Konkurransegrunnlaget Del II – Kontraktsgrunnlag.

## 1.4 Antall leverandørar

For oppdraget skal det inngås avtale med ein leverandør.

## 1.5 Planlagt framdrift

Oppdragsgivar har lagt opp til følgande tidsrammer for prosessen:

| Aktivitet | Tidspunkt |
|---|---|
| Kunngjering | 23.06.2026 |
| Tilbodskonferanse – fysisk oppmøte | 12.08.2026 kl. 11:30 |
| Frist for å stille spørsmål | 14.09.2026 kl. 12:00 |
| Frist for å levere tilbod | 21.09.2026 kl. 12:00 |
| Tildeling og meddelelse om val av leverandør | Veke 40/41 |
| Karensperiode | Vil fremgå av tildelingsmelding |
| Tilbodets vedståelsesfrist | 120 dager etter tilbodsfrist |

Det blir ikkje holdt synfaring på anleggsstad. Oppdragsgivar vil halde ein tilbodskonferanse med gjennomgang av oppdraget. Oppdragsgivar oppfordrar leverandørane sterkt til å gjere seg kjent med området på eiga hand før tilbodskonferansen.

Det gjøres oppmerksom på at tidspunkta etter opning av tilboda er foreløpige. Ei eventuell forlengast av vedståelsesfrist kan berre skje med leverandørens samtykke.

### 1.6 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget er bygd opp på følgande måte:

*Del I - Konkurransereglar med vedlegg:*

| Vedlegg | Innhald | Informasjon |
|---|---|---|
| 1 | Tilbodsskjema | Fyllast ut, signerast og leverast med tilbodet |
| 2 | Referanseskjema | Leverast med tilbodet |
| 3 | CV-mal | Leverast med tilbodet |
| 4 | Forpliktelseserklæring | Fyllast ut og leverast med tilbodet. Skal berre leverast dersom leverandøren støtter seg på kapasiteten til ei anna verksemd. |
| 5 | Seriøsitetskrav bygg og anleggskontrakter 2025 | |
| 6 | Kinn VA norm | |

*Del II - Kontraktsgrunnlag med bilag*.
Det vises til Del II – Kontraktsgrunnlag pkt. A.4. for en oversikt over Del II med alle bilag.

Når det i ulike punkt visast til «konkurransegrunnlaget» omfattar dette alle dokumenter i Del I og Del II.

## 2 REGLER FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBUD

### 2.1 Anskaffelsesprosedyre

Anskaffelsen gjennomførast i henhold til lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974 del I og del III. Kontraktstildeling vil bli føretatt etter prosedyren open anbodskonkurranse jf. § 13-1(1).

Det gjøres oppmerksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffelsesdokumenta skal avvisast etter forskrift om offentlige anskaffelser § 24-8(1)b. Oppdragsgivar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. § 24-8(2) a i forskrifta.

## 2.2 Rådgivarhabilitet

Dersom tilbyder, eller ei verksemd tilknytte tilbyder har gitt råd ved utarbeiding av spesifikasjonane i denne konkurransen, vil denne kunne være utelukka frå å delta i konkurransen, jf. FOA § 9-5 bokstav b). Før avvising, skal oppdragsgjevar gi ham en moglegheit til å sannsynleggjere at deltakelsen ikkje vil medføre konkurransevriding.

Aquapartner AS er engasjert av Kinn kommune, og kan ikkje nyttast av tilbydar i dette prosjektet.

## 2.3 Taushetsplikt

Oppdragsgivar og dennes tilsette plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde, jf. FOA § 7-4, jf. forvaltningslova § 13.

## 2.4 Offentlegheit

Inntil val av leverandør er gjort kan det nektast innsyn i tilbod og anskaffelsesprotokoll, jf. lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) § 23.

Etter at val av leverandør er gjort er tilbod og protokoller som utgangspunkt opne for innsyn. Det er likevel gjort nokon unntak frå innsynsretten i offentleglova, deriblant unntak for innsyn i opplysningar som er underlagt taushetsplikt i lov eller i medhald av lov, jf. offentleglova § 13 jf. forvaltningslova § 13.

Leverandørane skal angi i tilbodsbrevet kva opplysningar de meiner er unntatt innsyn, og kvifor leverandøren meiner opplysningane er unntatt innsyn. Ved krav om innsyn skal oppdragsgivaren uavhengig av dette vurdere hvorvidt opplysningane er av en slik art at oppdragsgivaren plikter å nekte innsyn, jf. offentleglova § 29.

Oppdragsgivar er pålagt å følge prinsippet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

## 2.5 Skatteattest

### *2.5.1 Underleverandørars skatteattest*

Valte leverandør skal tilsvarande krevje skatteattest frå alle sine underleverandørar ved inngåelse av kontraktar i tilknytning til oppdraget, som overstiger en verdi på kr. 500 000 ekskl. mva, jf. FOA § 7-2 3. ledd. Valte leverandør skal på førespurnad kunne framvise innkrevede skatteattestar til oppdragsgivar som dokumentasjon på at kravet er oppfylt.

## 2.6 Vedståingssfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.5 ovanfor.

## 2.7 Leverandørens deltakingskostnadar

Kostnader som leverandøren pådrar seg i forbindelse med deltaking i denne anskaffelsesprosessen vil ikkje bli refundert.

## 2.8 Kunngjering

Anskaffinga er kunngjort i Doffin (sjå www.doffin.no), og konkurransegrunnlaget er tilgjengeleg i konkurransegjennomføringsverktøyet EU-Supply (www.eu-supply.com/login.asp).

## 2.9 Spørsmål til, oppdateringar av konkurransegrunnlaget samt tilleggsopplysningar

Eventuelle spørsmål til konkurransen skal sendes inn via EU-supply. Det skal ikkje være kommunikasjon med oppdragsgivar om konkurransen gjennom andre kanalar enn EU-Supply. Spørsmål vil bli besvart i anonymisert form og vil bli sendt til alle som har registrert seg som mottakar gjennom EU-Supply.

Dersom leverandøren finner at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg veiledning, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar via EU-Supply. Dersom det oppdagast feil eller uklarheter i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette formidles via EU-Supply.

Eventuelle rettelser, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget vil også bli formidla via EU-Supply.

# 3 DET EUROPEISKE EGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)

## 3.1 Generelt om ESPD

Som dokumentasjon på at det ikke foreligger avvisningsgrunner skal leverandøren fylle ut ESPD-skjema i EU-Supply.

Dersom ein leverandør støtter seg på kapasiteten til andre føretak skal det støttande føretaket og levere ESPD-skjema som skal vedleggas tilbodet. Dersom det leveres et gruppetilbod skal kvar deltakar levere separat ESPD-skjema.

## 3.2 Nasjonale avvisningsgrunner

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisingsgrunnar som er fastsette i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivaren sin medlemsstat» Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvisingsgrunnane i § 24-2 i anskaffingsforskrifta, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffingsforskrifta § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne føresegna er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.
- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

# 4 KVALIFIKASJONSKRAV

For å kunne bli kvalifisert må interesserte leverandørar fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjema som en foreløpig dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava nedanfor.

## 4.1 Leverandørens registrering, autorisasjon mv.

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|---|---|
| **Leverandøren skal være registrert i et foretaksregister, fagleg register eller et handelsregister i den staten leverandøren er etablert.** | **Norske leverandørar:**<br>Firmaattest<br><br>**Utanlandske leverandørar:**<br>Godtgjørelse på at selskapet er registrert i foretaksregister, fagleg register eller et handelsregister i den staten leverandøren er etablert. |

## 4.2 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|---|---|
| **Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten.**<br><br>Det vert kravd at leverandøren har økonomisk evne til å gjennomføre oppdraget. Minimumskrav er at leverandøren er kredittverdig, med kredittverdig menes: Score på **tilfredsstillande** eller betre på minst to av kriteriene soliditet, likviditet og lønnsomhet. | Oppdragsgjevar vil evaluere på bakgrunn av rekneskapstal og nøkkeltal registrert i Proff Forvalt. For leverandørar som ikkje oppfyller krava ovanfor kan ein levere annen dokumentasjon som syner at tilbydar er kredittverdig. |

## 4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

| Krav | Dokumentasjonskrav |
|---|---|
| **Leverandøren skal ha tilstrekkeleg erfaring frå samanliknbare oppdrag.**<br><br>Med tilsvarende prosjekter menes her tradisjonelle graveprosjekter for kommunale VA hovedledningsnett inkludert legging av duktilt støpejern og legging og sveising av PE trykkledning. | Beskrivelse av leverandørens inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 årene. Oppdragsgivar vil at vedlegg 2 til konkurransegrunnlaget benyttes.<br><br>Beskrivelsen av kvart enkelt referanseoppdrag skal som minimum innehalde:<br>- Beskrivelse av leveransen<br>- Prosjektets størrelse<br>- Tidspunkt for gjennomføring og eventuell ferdigstilling<br>- Mottakar<br><br>Det skal oppgis kontaktinformasjon (namn, telefon, e-post og referansepersonens rolle i prosjektet) til relevant referanseperson for alle referanseprosjekt.<br>Referansepersonene skal kunne kontaktast utan ytterlegare avtale.<br><br>Det er leverandørens ansvar å dokumentere relevans gjennom beskrivelsen av referanseprosjektet. |
| **Leverandøren skal ha et verksamt kvalitetssystem svarande til krava som følgjer av internkontrollforskrifta.** | Det skal leverast en overordna beskrivelse av tilbydars rutinar Vedrørande kvalitetsstyring, med vekt på kvalitetssikring, ressursstyring, ledelsens ansvar, og kontinuerleg analyse og forbetring.<br><br>Dersom leverandør kan framlegga sertifikat, attest m.v. frå uavhengige organ som dokumenterer et etablert og tilfredsstillande kvalitetssystem aksepterast slikt sertifikat som dokumentasjon på oppfyllelse av kravet. For eksempel vil kravet være oppfylt dersom leverandøren innehar gyldig ISO 9001 eller andre tilsvarande tredjepartar. |
| **Leverandøren skal ha eit verksamt miljøleiingssystem.** | Det skal leverast en overordna beskrivelse av leverandørens miljøleiingssystem, som viser miljøpolicy, målsetningar, rutinar og tiltak.<br><br>Dersom leverandør kan framlegge sertifikat, attest m.v. frå uavhengige organar som dokumenterer et etablert og tilfredsstillande miljøleiingssystem aksepterast slikt sertifikat som dokumentasjon på oppfyllelse av kravet. For eksempel vil kravet være oppfylt dersom leverandøren innehar gyldig ISO 14001:2015, Miljøfyrtårn, er sertifisert av EMAS eller andre tilsvarande tredjepartar. |

### 4.4 Dokumentasjon og kontroll av kvalifikasjonskrav

Leverandørane skal levere ESPD-skjema som foreløpig dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylt, jf. FOA § 17-1. Oppdragsgivar vil kontrollere at alle leverandørar har levert korrekt utfylt ESPD-skjema.

I samsvar med konkurransegrunnlaget og FOA del III vil oppdragsgivar som hovudregel berre krevje inn og kontrollere dokumentasjon for oppfylling av kvalifikasjonskrava frå den leverandøren som etter evaluering av tildelingskriteria er rangert som nr. 1.

Dersom den etterspurde dokumentasjonen viser at leverandøren ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava, eller dersom det ligg føre forhold som gir grunnlag for avvising, vil leverandøren kunne bli avvist. Oppdragsgivar kan då gå vidare til neste rangerte leverandør og krevje tilsvarande dokumentasjon frå denne.

## 5 KRAV TIL TILBODET

### 5.1 Tilbodets struktur

Oppdragsgivar anmoder tilbydarane om å strukturere tilbodet sitt i.h.t. følgande inndeling:

| | **Dokumentasjon** |
|---|---|
| 1. | Signert og utfylt tilbodsskjema, sjå vedlegg 1 til konkurransegrunnlaget |
| 2. | Utfylt NS 3420 – beskrivelse, sjå konkurransegrunnlaget Del II – Kontraktsgrunnlaget pkt. A.4. dokumentnr 3. |
| 3. | Firmaattest jf. pkt. 3.1. |
| 4. | Besvarelse vedr. oppfyllelse av krav til tilstrekkeleg erfaring jf. pkt. 4.3. |
| 5. | Besvarelse vedr. oppfyllelse av krav til kvalitetssystem jf. pkt. 4.3 |
| 6. | Besvarelse vedr. oppfyllelse av krav til miljøleiingssystem, jf. pkt. 4.3. |
| 7. | CV for tilbudt prosjektleder og anleggsleder, jf. pkt. 6.1 og vedlegg 3 |
| 8. | Eventuell underleverandørs forpliktelseserklæring, sjå vedlegg 4 til konkurransegrunnlaget |

### 5.2 Språk

Tilbodet skal være utforma på norsk.

### 5.3 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast i elektronisk format i EU-Supply.

Tilbydaren er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt er besvart og dokumentert i tilbodet. Tilbod som ikkje er levert inn som angitt innan innleveringsfristen, kan bli avvist. Leverandør bærer sjølv risiko for at tilbod kommer frem i rett tid.

Etter tilbodsfristens utløp vil det ikkje være mogleg å sende inn tilbod i EU-Supply. Tilbod som ikkje kommer inn innan tilbodsfristen vil bli avvist frå konkurransen. Leverandøren bærer sjølv risikoen for at tilbod kjem fram i rett tid.

Er du ikkje brukar hjå EU-Supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet, for eksempel korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med EU-Supply Brukarstøtte.

### 5.4 Avvik frå konkurransegrunnlaget

Eventuelle atterhald og avvik frå konkurransedokumenta skal oppgis eintydig i tilbodsskjemaet (vedlegg 1), slik at oppdragsgivar kan evaluere tilbodet. Leverandøren skal angi kva konsekvensar eventuelle atterhald og avvik har for tilbodet, herunder priskonsekvens.

Tilbydarane bes gjere seg kjent med avvisningsreglane i FOA kapittel 24. Vesentlege avvik (inkl. atterhald) vil kunne føre til avvising av tilbodet, jf. FOA § 24-8.

Oppdragsgivar tilrår at tilbydaren stiller spørsmål i forkant av tilbodsinnleveringa om forståinga av konkurransegrunnlaget, heller enn å leggja inn atterhald/avvik i tilbodet, jf. den risikoen slike inneber.

### 5.5 Deltilbod

Det er ikkje adgang til å gi tilbod på deler av oppdraget.

### 5.6 Parallelle tilbod

Det er ikkje anledning til å levere parallelle tilbod.

### 5.7 Alternative tilbod

Eit alternativt tilbod er et tilbod som på oppdragsgivarens oppfordring beskriver en annan løysning enn den som er beskrive i anskaffelsesdokumenta.

Det er ikkje anledning til å levere alternative tilbod.

Kinn kommune

# 6 TILDELING OG EVALUERING

## 6.1 Tildelingskriterium

Kontrakt vil bli tildelt basert på følgende tildelingskriterier:

| Tildelingskriterium | Dokumentasjon | Vekt |
|---|---|---|
| **Pris** | Ferdig utfylt tilbodsskjema (vedlegg 1) | 80% |
| **Kvalitet – nøkkelpersonell**<br><br>Kvalitetskriteriet omfattar tilboden:<br>• Prosjektleiar<br>• Anleggsleiar<br><br>Ved vurderinga vil oppdragsgjevar særleg leggje vekt på:<br>• **Referanseprosjekt** (relevans og overføringsverdi): Relevans i dei oppgitte referanseprosjekta, herunder storleik, kompleksitet og tekniske grensesnitt, og i kva grad prosjekta har overføringsverdi til dette prosjektet.<br>• **Erfaring og ansvar**: Relevant erfaring frå roller og funksjonar knytt til mellom anna planlegging, framdrift, samordning og leveranse.<br>• **Formalkompetanse**: Relevant utdanning og etter-/vidareutdanning, samt relevante kurs og sertifiseringar.<br><br>Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans og overføringsverdi for dei tilbudte ressursane. | For kvar av dei namngitte ressursane skal det leverast CV (oppdragsgjevar vil at vedlegg 3 vert nytta):<br>• CV prosjektleiar<br>• CV anleggsleiar<br><br>CV skal ikkje overskride 6 A4-sider (Arial 10) og skal innehalde inntil tre relevante referanseprosjekt per ressurs. For kvart referanseprosjekt skal det opplysast kontaktperson med namn, telefon og e-post. Referansepersonane skal kunne kontaktast utan ytterlegare avtale. | 20% |

## 6.2 Evalueringsmetode

### *6.2.1 Pris*

Det vert føreteke ei lineær vurdering der beste pris vert gjeve 10 poeng. Øvrige tilbod får score etter ein skala der dobbel pris gjev 0 poeng.

### *6.2.2 Kvalitet nøkkelpersonell*

Oppdragsgjevar vil vurdere tilboden kvalitet basert på dokumentasjonen under pkt. 6.1. Kvar rolle (prosjektleiar og anleggsleiar) vert vurdert separat og gitt poeng frå 0–10.

Poenga for dei to rollene vert deretter summert. Tilbodet med høgaste samla poengsum vert gitt 10 poeng for kriteriet «Kvalitet – nøkkelpersonell». Øvrige tilbod vert gitt poeng forholdsmessig etter følgjande formel: (Tilbydarens samla poengsum / Høgaste samla poengsum) × 10.

Oppdragsgjevar kan kontakte oppgitte referansar for å verifisere og utdjupe opplysningar i tilbodet, samt for å innhente relevante opplysningar knytt til vurderingstema under pkt. 6.1. Opplysningar frå referansesjekk kan gi grunnlag for justering av poeng, både dersom dei stadfestar eller vesentleg styrkar den dokumenterte kompetansen, og dersom dei avdekkjer forhold som reduserer relevansen eller overføringsverdien.

Dersom referansesjekk vert gjennomført, vil oppdragsgjevar sikre at tilsvarande verifisering vert gjennomført for same rolle(r) hos dei øvrige tilbydarane som vert vurderte. Dersom det kjem fram vesentlege negative opplysningar, kan leverandøren bli gitt høve til å kommentere før endeleg vurdering vert gjort.

Oppdragsgjevar forbeheld seg retten til å gjennomføre intervju i samband med kvalitetsevalueringa. Oppdragsgjevar kan velje å intervjue éin eller begge dei tilbodne nøkkelressursane. Dersom intervju vert gjennomført, vil same rolle(r) bli intervjua hos alle aktuelle tilbydarar. Intervju vert nytta til avklaringar og kvalitetssikring av tilboden kompetanse og vert ikkje gitt eigen poengscore. Intervju kan likevel gi grunnlag for justering av poeng innanfor vurderingstema under pkt. 6.1, både ved vesentleg utdjuping eller styrking av dokumentert kompetanse og ved avdekking av forhold som påverkar vurderinga.

## 6.3 Klima- og miljøkrav i konkurransegrunnlaget, jf. FOA § 7-9

I tråd med forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) § 7-9 fjerde ledd er det bestemt å nytte sekundærregelen, slik at klima- og miljøkrav stilles som absolutte krav i kravspesifikasjonen, i staden for å vekte klima- og miljø som eiget tildelingskriterium (minst 30 %).

Oppdragsgiver har vurdert anskaffelsens vesentlige klima- og miljøbelastning. For denne kontrakten er belastningen særlig knyttet til uttak og transport av nye masser, håndtering av eksisterende asfalt, samt utslipp fra maskiner og kjøretøy. Det vurderes derfor som mest hensiktsmessig å stille konkrete minimumskrav i kravspesifikasjonen samt absolutte kontraktskrav, i stedet for å bruke klima og miljø som tildelingskriterium.

Se nærare beskriving i Del II – kontraktsgrunnlag.

# 7 AVSLUTNING AV KONKURRANSEN

## 7.1 Beskjed om valt leverandør og karensperiode

Oppdragsgivar vil informere alle leverandørane via EU-Supply om tildeling av kontrakt. Melding frå oppdragsgivar vil innehalde grunngjeving av valet, og angi karensperioden frå tildeling til planlagt kontraktsignering.

Dersom oppdragsgivaren finner at tildelingsbeslutninga ikkje er i samsvar med kriteria for val av leverandør kan beslutningen annullerast fram til kontrakt er inngått.

## 7.2 Avlysning av konkurransen og totalforkastelse

Oppdragsgivar forbeholder seg retten til å avlyse konkurransen eller forkaste alle tilbod, dersom det føreligger sakleg grunn, jf. FOA § 25-4.

## 7.3 Meddelelse om val av leverandør og karensperiode

Oppdragsgivar informerer alle leverandørar skriftleg og samtidig om kven oppdragsgivar har til hensikt å tildele kontrakt til så snart val av leverandør er gjort.

Meddelelsen vil innehalde en grunngjeving for valet og angi karensperioden frå tildelinga gjerast kjent til kontraktsignering er planlagt gjennomført (kontraktsinngåelsen).

Dersom oppdragsgivaren finner at tildelingsbeslutninga ikkje er i samsvar med kriteria for val av leverandør kan beslutninga annullerast frem til kontrakt er inngått.